Fylkesmannen i Hordaland

Rapport etter tilsyn ved Statkraft Energi AS - 2010.042.I.FMHO

Verksemdas namn:
Statkraft Energi AS
Verksemdas besøksadresse:
Simadalen Eidfjord
Verksemdas postadresse:
Postboks 200 Lilleaker
0216 Oslo
Organisasjonsnr:
987 059 729

Utsleppsløyve av:
05.12.2001
Tilstades frå verksemda:
Henning Syvertsen

Arkivkode: 2010/5234

Anleggsnr: 1232.0011.02

Næringskode
(NACE –kode): 35.111
produksjon av elektrisk kraft
Tidsrom for kontrollen:
27.04.2010
Frå Fylkesmannen:
Elisabeth Aune
Silje Tingstad

Rapporten inneheld :

Denne rapporten beskriv dei avvika som blei avdekka innan følgjande kontrollerte område:

- Utslepp til ytre miljø
- Handtering av farlig avfall/avfall
- Internkontroll dokumentasjon som omfattar ytre miljø

Hovudkonklusjon :

Under inspeksjonen ble det ikkje påvist avvik:

Merknad:

1. Verksemda kunne ikkje gjere greie for om bygningsmassen var kartlagt for PCB-holdige isolerglasruter.

2. Noen av datablada var av eldre dato enn 2005.

Utarbeida dato : 04.05.2010

Sign.:

Sakshandsamar
Elisabeth Aune

Godkjent dato: 04.05.2010

Sign.:

Seksjonssjef
Kjell Kvingedal

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein inspeksjon ved Statkraft Energi AS sitt anlegg for kultivering og genbank 27. april 2010. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å beskytte det ytre miljø. Inspeksjonen fokuserer på at krava skal følgjast og rapporten beskriv avvik som vart avdekkja under inspeksjonen. Rapporten gjev såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

> AVVIK vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

> MERKNAD er eit tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad http://www.fylkesmannen.no/hordaland.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- *Lov av 13.03.81 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) § 7 første ledd/andre ledd.
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kap. 11 om farlig avfall
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheten* (internkontrollforskriften)
- Utsleppsløyve av 5. desember 2001.

3. Omfang

Følgjande område vart dekka under inspeksjonen:

- Utslepp til ytre miljø
- Handtering av farlig avfall/avfall
- IK-dokumentasjon for ytre miljø

Fylkesmannen har under inspeksjonen ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda.

4. Merknader

Merknad 1
Verksemda kunne ikkje gjere greie for om bygningsmassen var kartlagt for PCB-holdige isolerglasruter

I kapittel 11 i forskrift om farleg avfall blir isolerglasruter sett på som farlig avfall dersom dei inneheld PCB. Om det finnes slike glasruter i bygningsmassen må desse merkast, slik at ein sikrar at dei vert handtert som farleg avfall når dei skal skiftast ut. Dette kravet går fram av produktforskrifta §3-1, kor det mellom anna heiter : " *Den som har PCB-holdig produkt skal gjennom merking, skilting eller andre tiltak sørge for at det tydelig framgår at produktet inneholder PCB. Merking eller skilting skal være varig, med sort skrift på sterkt gul bunn.*"

Merker kan bestilles på ruteretur.no (http://www.ruteretur.no/ShowHTML.aspx?file=Hjem.htm)

Merknad 2
Noen av datablada var av eldre dato enn 2005.

EU vedtok ny klassifiseringsordning i 2004, og denne klassifiseringa ble tatt inn i regelverket i Norge (forskrift om klassifisering, merking mv. av farlige kjemikalier) 31. oktober 2005. Klassifiseringa har hatt betyding for krav gitt i anna regelverk, for eksempel restriksjonar for omsetning, avfallshandtering, barnesikra emballasje, krav om utarbeiding av datablad. Det er derfor viktig at verksemder som bruker kjemikalium har oppdaterte datablad.

Til orientering er EU i ferd med å ferdigstille ei ny forordning for klassifisering og merking av farlige kjemikalium. Det nye regelverket skal tre i kraft seinast 1. desember 2010. I Norge vil forordninga - etter gjennomføring i EØS-avtalen - erstatte forskrift om klassifisering og merking mv. av farlige kjemikalium. Forordninga inneber blant anna at det kjem nye kriterium for klassifisering og faresymbol. Dette er ein følgje av gjennomføringa av den globale anbefalinga for klassifisering og merking av kjemikalium (GHS).